

Møte i KFAU

Dato: 30. november 2023

Til stede:

- Kjersti Moe (Fau Vinjar) - leiar
- Finn A. Rosland (Fau Marvik) - skrivar
- Dagfrid Skjerahaug, vara (Fau Erfjord)
- Solveig Obretcht-Speth (Fau Sand, barnetrinn)
- Ronny Mehus Rugland (Fau Sand, ungdomskulen)

Saksliste

Sak 7 2023/2024: KFAU 2023/2024 konstituerer seg

Ingen melder seg ved spørsmål om ny leiar i KFAU, Kjersti Moe fortsetter som leiar mens Finn A. Rosland blir vald som skrivar.

Sak 8 2023/2024: Godkjenning av vedtekten for KFAU (sjå eige vedlegg)

Det blir lagt til eit nytt punkt til vedtekten som gjeld konstituering av KFAU. Det blir bestemt at man har loddtrekning for leiarverv dersom ingen melder seg ved konstituering av nytt KFAU. Nye vedtekter blir vedtatt einstemmig.

Sak 9 2023/2024: Informasjon/oppdatering frå dei ulike skulane. Korleis er stoda?

Sand skule, barnetrinn:

- Dei har drøftet overganger mellom sjuende trinn og åttende trinn. Britt Elin orienterer om ei prosjektgruppe som jobber med å få laget ein plan for denne gode overganger. Magnus Skjefstad leiar dette arbeidet.
- Fellesarrangement for heile kommune er drøftet.

Marvik skule:

- Jobber med tiltak for å betre inkludere Ukrainske foreldre/familier, t.d. Sosiale tiltak.
- Jobber med rolla til FAU og kordan man får til eit best mogleg samarbeid med skulen.
- Har hatt ekstern vurdering, temaet Marvik jobber med er styrkebasert inkluderande skolemiljø.

Sand skule, ungdomsskule:

- Har diskutert om det bør være anbefalinger for skjermbruk og mobil på hjemmebane
- Diskutert rutiner ift. overnattingstur
- Arrangement i regi/tilknytning skulen bør være heldekket ift. Utgifter Gratisprinsippet. Her blir det diskutert i KFAU i kva grad kommunen kan bidra til høsttur i 10. trinn. Det er ein oppfatning frå KFAU at dette er viktige turer for elevane, frå eit sosialt perspektiv og et dannelses perspektiv. Ungdomstrinnet drøfter dette videre. KFAU kan hjelpe til og støtte opp om dette arbeidet i den grad det trenges.

Erfjord skule:

- Dei lurer på kordan dei skal gå fram ift oppgradering av uteareal. Sand skule forteller at dei har søkt midler hos Sparebankstiftelsen og fått 80 000. Det må være eit konkret mål med midlene man søker om, t.d. Leikehytte. FAU sand skule vil dele informasjon om søknadsprosessen.

Vinjar skule

- Glad for at skulen har tilsett ny rektor som skal begynne i Januar.
- Melder at det ikkje har vært noko hærverk i haust.
- Fortsetter med aktivitetskveldar men har gjort nokon små endringar. Disse kveldene fungerer best når dei er organisert og vaksenstyrt framfor opent hus. Dette blir gjort ein gong i måneden i skulesesongen.

Sak 10 2023/2024: Ymse

- Britt Elin orienterer om framtidas oppvekst. Presentasjonen blir sendt som vedlegg.

Neste møte i KFAU: 15.02.24, 18.00.